

Frå ein lærar sin ståstad

Innlegg av Sigrunn Heggen Leivdal, Eid vgs

Ofte kan ein lure på kva det er vi arbeider for i skulen vår i dag.

Målet for mange av skulane våre er nemleg at kvar elev skal ha sin eigen pc, - og helst sin bærbar pc, - som dei kan nytte heile tida i alle fag og timar.

Kva er det vi vil oppnå med dette?

Elevane som forsvinn raskt på nettet, sjekkar facebook, nettby, spelar spel – og chattar med venner som set på andre sida av klasserommet.

Medan eg som lærar prøvar å få dei engasjerte og interesserte i reklamen si makt i samfunnet, - tek internettet makta over elevane mine.

Og når eg forsiktig nærmar meg, er sida vekk frå skjermen og reklamen dei skal analysere er fint plassert på skjermen ☺

Er det då slik at elevane blir meir engasjerte i reklamen sin verdi når dei får nytte pc og internett eller, - blir vi lærarane lurte ?

Slik at resultatet eigentleg er sløvare og mindre engasjerte elevane. ?

Er det slik? – eller ?

Dei erfaringane eg har, er ikkje slik.

Eg arbeider innfor faga på Design og Handverk og Interiør og utstillingsdesign.

I teamet eg er ein del av har vi eit tett samarbeid både når det gjeld planlegging, gjennomføring og etterarbeid. Vi arbeider mykje med data og har etterkvart fått eit forhold til dette med bærbar pc'ar

Dei siste treåra har elevane eg underviser hatt kvar sin bærbar pc, - tilgjengeleg heile tida.

Det har letta min arbeidsituasjon på mange måtar:

- vi treng ikkje å leite etter ledig datarom
- dei kan arbeide med same stoffet heime og på skulen
- prosesskriving og evaluering er enklare å gjennomføre, og elevane har evalueringa på dataen, – vi slepp problemet med papir som forsvinn.
- alle elevane har det dei skal nytte tilgjengeleg på si maskin
- dei har dyre program som adobe photoshop og illustrator som vi brukar ein heil del og dei har gode gratisprogram som ikea romplanlegger og 3d rom, desse kan dei sjølve laste ned frå nettet.

I tillegg til bærbar pc'ar har vi prosjektor, teiknebrett og smartboard i klasserommet.

På teiknebrettet kan elevane teikne flotte blyantteikningar inn på data. Som t.d ein stol dei har designa, medan nokre elevane lagar studieteikningar med blyant. Det dei legg inn på data kan dei arbeide vidare med i photoshop og forandre fargar, lyssetting os.v

Dette gjev elevane eit stort spelarom av muligheter når dei skal visualisere ideane sine.

Sidan smartboarden / (den elektroniske tavla) blei satt opp for snart 2 år sidan, så har vi hatt berre den til tavle. Det har på mange måtar vore flott fordi vi lærarane som underviser der har voren nøydde til å lære oss korleis vi kan nytte den. Og då har vi og lært oss fleire og fleire bruksmåtar etterkvart.

Likevel har vi i år sett inn ei lita grøn kritt-tavle ved siden av, fordi vi har lært at vi treng noko vi kan skrive beskjedar på som kan stå ei stund. Vi er og ulike i måten vi underviser på og av og til er det godt å kunne risse, og skrive nokre stikkord med kritt ☺

Så her er det - ja, takk begge deler ☺

Ikkje berre gjer alt nytt, men bruke og det som vi etterkvart kjenneteiknar som gamal tavleundervisning.

Variasjon er truleg det viktigaste, - for som vi lærarar er ulike er og elevane våre ulike.

Dei lærer truleg best når dei får kunnskapen inn på fleire måtar.

_ uansett kva læringsstil dei høyrer til.

Data er slik eit hjelpemiddel som gjev oss ein større fridom, men som og krev meir av oss som lærarar. Ofte kan ein tru at det lettar arbeidet, fordi det er mykje informasjon å finne og ein kan bruke internett og liknande

Data har ein fleksibel bruk. Som eit multiverktøy kan vi nytte det som ei vanleg skrivemaskin, teiknebrett, presentasjonsverktøy, kommunikasjonsverktøy osv.

Vi kan nytte program og områder som elevane kjenner godt som msn, youtube, epost og liknande slik at vi når elevane der dei er.

Heimeundervisning er ikkje lenger ein ”umulighet”. Dersom ein elev ikkje har høve til å vere på skulen ein periode så kan eleven få følgje med i det som skjer på skulen og halde seg oppdatert, han kan og snakke med læraren og få tilbakemeldingar på det han arbeider med. Gjennom dataen kan vi kommunisere med elevane på ein måte som er heilt annleis enn det vi gjer i skulen ellers.

Eg har og arbeidd med oppgåver der elevane skal diskutere emne på data i catterom. Det er ein interessant måte å diskutere på. MSN er fin å nytte til dette, denne kjenner elevane og dei skriv lettare det dei tenkjer på denne måten.

Data er eit verktøy på linje med ein dremel (multiverktøy) - den er nyttig til mange ulike bruksområde, uunverleg i fleire samanhengar, men det er og nokre gongar det er mindre bra å nytte dette verktøyet. For at læringsmiljøet skal fungere godt i ei klasse der kvar elev har sin eigen pc, må ein ha klare grenser for korleis ein skal nytte den og kortid data skal brukast.

Ein må og vere klar over at data krev tid, det krev at vi veit kva vi snakkar om og ikkje minst at vi kan set grenser for bruken.

Eg kan ikkje tenkje meg å gå tilbake til eit klasserom der elevane ikkje har bærbar pc. For meg er det ei nødvendighet for å kunne undervise fleksibelt, variert og nå kvar enkelt elev.